



KOPI

Hordaland fylkeskommune v/Plan

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3495 - 16/16365

Saksbehandlar:

Jostein Klette

jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:

02.09.2016

Ber om meklingsmøte - Motsegn kommunedelplan for sjø og strandsone - Osterøy kommune

Vi ber med dette om at fylkesmannen i Hordaland gjennomfører mekling mellom Hordaland fylkeskommune og Osterøy kommune, jf. plan- og bygningslova § 5-6 og Rundskriv t-5/95. Vi vonar de kan handsame dette så snart som mogleg.

Bakgrunn

Kommunen la kommunedelplan for sjø- og strandsone ut på høyring 11.03.2016. Hordaland fylkeskommune fremja motsegn til planen på 4 punkt i brev dagsett 12.05.2016 (vedlegg 1).

Kommunen har gjennomført møte med fylkeskommune og det står no att 2 motsegnspunkt som ein ikkje har løyst. Dette er knytt til:

1. *Det må sikrast tilfredstillande erstatningsareal for dagens akvakulturproduksjon på Blom.*
2. *Føresegn knytt til utslepp frå anlegg ved Skaftå vert teke ut av planen siden dette er tilhøve som vert regulert i anna lovverk, og vil slik det ligg føre ikkje gjera det mogleg med framtidig akvakulturaktivitet.*

Kommunen ber om at fylkesmannen gjennomfører ei mekling på bakgrunn av desse to punkta.

Kommunen si vurdering

Vi ynskjer å kome med nokre merknadar knytt til fylkeskommunen si motsegn.

Bakgrunnen for kommunen sitt planframlegg er at miljøsituasjonen i Sørfjorden er gradvis forverra over mange år. Dette kjem mellom anna av ein svært intensiv oppdrettsaktivitet. Kommunen og fylkeskommunen er samd i at Sørfjorden er sårbar og at framtidig arealbruk må ivareta naturmiljøet. Det er difor trøng for ein framtidsretta og berekraftig forvaltning som ivaretar dette. På den bakgrunn ynskjer kommunen gjennom planframlegget å sikre både næringsutvikling og ei miljømessig god forvaltning av fjorden.

Kommunen har i planforslaget lagt vekt på å følgje statlege og regionale forventningar og føringer for å sikre ei tilstrekkeleg areal til havbruksnæringa og samstundes vekleggje miljøomsyn. Kommunen har opna for større utvidingar av akvakulturområde der det er miljømessig forsvarleg og i tillegg lagt opp til større utviding av akvakulturområde i Sørfjorden med vilkår for å sikre miljøomsyn. Kommunen opnar med dette for vekst i havbruksnæringa i heile kommunen.

Motsegnspunkt 1.

Kommunen har i planen avsett 150 daa nytt akvakulturareal som kan nyttast dersom oppdrettselskapet ynskjer å avvikle drifta på Blom. Kommunen er av den oppfatning at dette gjev store, nye areal som er eit tilfredstillande alternativ for ein framtidig vekst som er miljømessig forsvarleg.

Fylkeskommunen viser i si motsegn til at planen vil føre til at oppdrettsanlegget må leggja ned. Kommunen vil peika på at planen berre legg føringer for framtidig arealbruk og ikkje har innverknad på gjeldande drift. Det vil seie at dagens drift og arbeidsplasser vil kunne fortsetje så lenge tiltakshaver har godkjende løyve.

Motsegnspunkt 2

Det er i motsegna peika på at kommunen ikkje kan setje krav til miljøtilhøve fordi dette er regulert i andre lovverk, og at kommunen ikkje kan lage føresegner som går inn i myndighetsområdet til andre lover. Dette meiner vi er ei feil tolkning.

I forarbeida til plan og bygningslova er det sagt at «*lovforslaget vil legge til rette for en styrking av den sektorovergripende, samfunnsrettede planleggingen, med samordning av interesser og hensyn på tvers av sektorer og samfunnsområder*». Då ny plan- og bygningslov kom i 2009 var ei av målsettingane å sikre eit forenkla beslutningssystem ved at lova skulle vera ein felles arena for vekting og avklaring mellom sektorinteresser.

I dag vert føringer som i høyrer inn under forureiningslova, minerallova, veglova, kulturminnelova m. fl. samordna gjennom planer etter plan- og bygningslova. Prinsippet om overlappende kompetanse er stadfestat gjennom fleire høgsterettsdommar (jf. Rt 1993 s. 528 og Rt 1993 s. 278).

Vår vurdering er at kommunen har kompetanse til å gje føresegner med heimel i plan- og bygningslova som går inn i myndighetsområdet til andre lover.

Kommunen er òg klar over at det er avgrensingar for kva som kan heimlast i plan- og bygningslova i høve til andre sektorar. I forarbeidet til plan- og bygningslova er det vist til at kommunen kan utforme føresegner men at:

«Dette tilslør varsomhet med å gi utfyllende bestemmelser der myndigheten er lagt til sektormyndighet gjennom særlovgivning».

Det er med andre ord ikkje noko lovstridig med å kommunen si føresegn men kommunen har eit avgrensa handlingsrom. Kva som kan gjevest av føresegner er definert i plan- og bygningslova § 11-9, nr. 6, det er kan gjevest føringer for mellom anna miljøkvalitet på alle føremål i plankartet. Kommunen har heimla sine føresegner her og meiner at dette er innanfor rammene som er gjeve i lova.

Avsluttande kommentar

Kommunen ynskjer å leggja til rette for vekst og utvikling av akvakultur i sine sjøområde.

Kommunedelplanen set av store areal både til dagens konvesjonelle drift og til framtidig teknologi med låg miljøpåverknad.

Verknaden av fylkeskommunen si motsegn er at kommunen ikkje har mulighet til å drive langsiktig samfunnsplanlegging i eige sjøareal. Dette hindrar kommunen i å leggje ut areal eller setje føringar som legg til rette for ei miljømessig forsvarleg næringsutvikling i kommunen sitt sjøareal i tråd med regionalt handlingsprogram for næringsutvikling.

Vi ber difor om eit snarleg meklingsmøte.

Med helsing

Laura Ve
sekjsjonsleiar Plan

Jostein Klette
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Fråsegn til forslag til kommunedelplan for sjø og strandsone 2016 - 2026

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune v/Plan

Postboks 7900

5020

BERGEN

Mottakar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN